



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Bjørn Atle Gildestad
Grevlingåsen 13C
1362 Hosle

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/8592

Arkiv:

36/91, L42

Vår dato:

22.07.2026

Saksnr.	Utval
199/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
182/26	Kommunestyret

36/91 - Tillatelse til tiltak - Oppføring av anneks

Tiltak: Oppføring av anneks
Byggjestad: Gbnr: 36/91
Tiltakshavar: Bjørn Atle Gildestad
Grevlingåsen 13C
1362 Hosle
Ansvarleg søkjar: JH Bygg & Prosjektering AS
Skifervegen 8
2900 Fagernes

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §20-3, jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar næring, plan og byggesak, oppføring av anneks på gnr. 36, bnr. 91, Luskeråsen 34, i samband med søknad og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Alt arbeid skal utførast i tråd med relevante krav i plan- og bygningsloven, teknisk forskrift og lokale forskrifter.
3. Bygget skal ikkje kunne innehalde alle funksjonar som kan gjere bygget til eigen brukseining. Bygget kan heller ikkje bli sjølvstendig brukseining ved framtidig endring.
4. Tiltaket skal ha stil og fargar så nært opp til eksisterande hovudhytte som mogleg.
5. Tiltaket skal avsluttast med søknad om ferdigattest. Bygget er ikkje lovleg å ta i bruk før det er utskriven ferdigattest.

Saksopplysningar

JH Bygg & Prosjektering AS sendte inn søknad om tiltak med ansvarsrett. Søknaden syner oppføring av anneks på gnr. 36, bnr. 91, Luskeråsen 34.

Eigedomen er registrert i kartet med eit areal på 14941,2m², er bebygd med ei hytte og eit uthus, og eigedomen har arealformål fritid. Eigedomen har digitalt oppmålte grenser. Noverande hytter har eit bebygd areal (BYA) på 70m², og noverande uthus er på 21m².

Søknaden syner oppføring av eit anneks på eigedomen med eit areal på 34,6m² og det er medrekna 36m² til biloppstilling.

Annekset er beskriven med saltak på 25°, mønehøgde på 3,8 meter, og gesimshøgde på 2,8 meter. Planteikning syner at annekset skal ha to soverom, ein bod og eit vindfang.

Det fylgjer med søknaden fullmakt frå heimelshavar på eigedomen for at JH Bygg & Prosjektering AS v/Jon Haugen kan signere byggesøknad for annekset.

Eigedomen har privat VA-løysing og annekset skal ikkje innehalde rom som krev tilkopling til VA-løysing.

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar, og DOK-analyse av eigedomen syner ingen treff av betydning for tiltaket. Tiltaket gjer heller ingen endring i tilkomst til eigedomen.

Vurdering

Tiltaket er i tiltaksklasse 1, risikoklasse 4, og brannklasse 1.

Eigedomen er styrt av føringane i Arealdelen til kommuneplan 2026-2038.

Her syner denne at utnyttinga for eigdommen er inntil 200m² BYA, men ingen enkeltbygg over 140m².

Arealreiknskapet blir:	BYA
Noverande hytte:	70m ²
Noverande uthus:	21m ²
Nytt anneks:	34,6m ²
Biloppstilling:	36m ²
Sum etter tiltaket:	161,6m ²

Tiltaket er innanfor føringane i plan både i areal og utforming.

Eigedomen ligg i nedslagsfeltet for Heggefjorden – Sæbufjorden. For dette området ligg det i kommuneplanens arealdel 2026-2038 (15.3) føringar om at det ikkje kan byggast fleire fritidsbustadseiningar innanfor nedslagsfelt før det er sikra at resipienten sin kapasitet er forbetra og kan handtere ytterlegere påslepp, i samsvar med krava i vassforskrifta. Det omsøkte annekset inneheld ikkje funksjonar som utløyser krav til VA-anlegg, og vert ikkje rekna som ei ny fritidsbustadseining. Kommunen vurderer difor at tiltaket ikkje vil ha innverknad på resipientkapasiteten eller vere i strid med dei nemnde føringane.

DOK-analyse av eigedomen syner ingen treff av betydning for eigedomen, og tiltaket kan gjennomførast.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tiltakskl	Journaldato
JH Bygg & Prosjektering AS 919916702	SØK Heile tiltaket PRO Ansvar iht. søknad	03.06.2026	1	05.06.2026
Otto Kåre Skogen 970330518	PRO Ansvar iht. søknad UTF Ansvar iht. søknad	03.06.2026	1	05.06.2026
Ringli Bygg AS 825542612	PRO Ansvar iht. søknad UTF Ansvar iht. søknad	03.06.2026	1	05.06.2026

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert 16.04.2026 med journaldato 05.06.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar
JH Bygg & Prosjektering AS Skifervegen 8 2900 Fagernes